

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014

Vedtak

Orientering frå Skyss til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet set pris på å få orienteringa skriftleg. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende orienteringa ut til dei organisasjonane som kom med innspela.

Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelse: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette utkast til klinikkstrukturplan for tannhelse opp som ein politisk sak på neste møte.

Tannlegesenter på Nesttun: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette tannlegesenter på Nesttun opp som ein politisk sak på møtet. Rådet vedtok og å sende ein slik førespurnad til eigedomsseksjonen og tannhelseavdelinga: «*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til bekymringsmelding vedrørande tilkomst til Nesttun tannklinikk. Rådet ber eigedomsseksjonen og fylkestannlegen om å sjå på tilkomst til bygget og moglegheit til å installere ein automatisk døropnar både i inngangspartiet nede og i andre etasje slik at tilkomst vert betra.*»

Nytt saksnummer PS 52/14.